



Luster kommune  
Rådhusvegen 1  
6868 GAUPNE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 5764 3005

## Luster kommune - budsjett og økonomiplan

### Innleiing

Luster kommunestyre har i møte 19.12.2019, sak 77/19, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunane følgje opp.*

### Oppsummering

Det er budsjettert med positive netto driftsresultat i heile planperioden. Kommunen har god beteningssevne og finansierer deler av investeringane med avsette midlar/eigenfinansiering.

Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, men er og klar på utfordringane som kan ligge i at ein stor del av kommunen sine inntekter kjem frå kraftproduksjon.

### Budsjett 2020

Rammetilskotet er budsjettert etter prognosemodellen til KS etter statsbudsjettet, medan forventta skatteinntekter er budsjetterte om lag 1 mill. kroner høgare enn modellen. Dei frie inntektene ligg derfor noko høgare enn anslaga til KS. Kommunen har eigedomsskatt frå kraftproduksjon og kraftlinjer i tillegg til naturressursskatt og konsesjonskraftinntekter.

Førebelse tal for 2019 viser at netto driftsresultat utgjer 4,9 prosent, og ligg såleis godt over det anbefalte nivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) på 1,75 prosent. Dei budsjetterte tala for 2020 visar eit netto driftsresultat på 1,35 prosent.

Disposisjonsfond i prosent av brutto inntekter er for 2019 førebels på om lag 14 prosent, noko som er godt over anbefalt nivå frå TBU på 5 prosent.



Kommunen har vedteke eit låneopptak på 37,2 mill. kroner og samla investeringar på 62,6 mill. kroner. Investeringar til VAR utgjer 9 mill. kroner i 2020.

### **Fylkesmannens vurdering**

*Kommunen budsjetterer noko høgare skatteinntekter enn KS sin prognosemodell etter statsbudsjettet.*

*Inntekter frå kraftproduksjon gjer at kommunen har god økonomi og handlefridom.*

*I statistikkbanken til SSB finn vi at langsiktig gjeld (eks. pensjon) i prosent av brutto driftsinntekter utgjer 92 prosent for Luster etter førebelse tal for 2019, medan talet for landet (eks. Oslo) utgjer 110 prosent.*

*Budsjettet netto driftsresultat på 7,4 mill. kroner blir avsett til disposisjonsfond og bundne fond. Vi har ingen merknader til budsjettet for 2020.*

### **Økonomiplan 2020 - 2023**

Økonomiplanen viser positive netto driftsresultat i heile planperioden. Resultata ligg om lag på anbefalt nivå frå TBU, med unnatak av år 2023, som ligg noko under. Dei årlege resultata er planlagt avsett til disposisjonsfond, og kommunen ligg godt over tilrådd nivå på disposisjonsfond i heile perioden.

Samla investeringar i perioden utgjer om lag 222 mill. kroner. Investeringane til Grandmo busenter og nye Hafslo barnehage utgjer dei største tiltaka. Samla investeringar til VAR utgjer 38 mill. kroner. Det er budsjettet ein samla auke på 3 mill. kroner i renteutgifter og avdrag i åra 2021, 2022 og 2023, og den langsiktige gjelda i prosent av brutto driftsinntekter vil auke.

Overføringar til tenesteeiningane viser om lag same nivå i planperioden, sett bort ifrå prisstigning og aktivitetsnivå.

### **Fylkesmannens vurdering**

*Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine. Førebelse tal for 2019 viser at frie inntekter per innbyggjar utgjer 64 684 kroner, medan den på landsbasis utgjer 57 297 kroner. Kommunen har god handlefridom, og folketalet har vore stabilt dei siste åra.*

*I ny kommunelov blir det lagt vekt på at kommunestyret skal vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi. Vi tilrår at langsiktig gjeld (ekskl. pensjon) vert brukt for å finne lånegjeld i prosent av brutto inntekter. Vi viser til vårt brev frå november 2019 om kva som skal sendast inn, også for dei kommunale føretaka.*

*Vi kan ikkje sjå at oversikt for årleg utvikling av gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar for planperioden 2020 – 2023 er med i dokumenta, og dette er såleis ikkje i samsvar med forskrift om økonomiplan og årsbudsjett for kommunar, jf. § 5-7. Dette må takast med for seinare år, og vi ber om at dette blir utarbeidd og sendt til Fylkesmannen for gjeldande økonomiplanperiode.*

*Samanheng mellom det overordna planleggingsprogrammet og dei ulike kommunale planane i kommunen er belyst på ein god måte. Vi har elles ingen andre kommentarar til dei innsende dokumenta.*

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent*